

Til fylkesordfører Anne Gine Hestetun

Hordaland fylkeskommune

## **GRUNNGITT SPØRSMÅL FRÅ RAUDT TIL HORDALAND FYLKESTING 12. OG 13. JUNI 2019.**

I forrige Hordaland fylkesting 5.mars i år dokumenterte vår representant Jeanette Syversen at to av dei private kommersielle vidaregåande skulane i Hordaland, Bergen Private Gymnas (BPG) og Metis Akademiet (MA) ikkje har latt statstilskot og skulepengar kome elevane fullt ut til gode, slik friskulelova § 6-3 krev. Dei skuldar mange millionar, etter fleire krav frå Utdanningsdirektoratet.

Desse tilhøva er avdekka gjennom gjentatte tilsyn frå både Fylkesmannen og Utdanningsdirektoratet heilt sidan 2005. Private kommersielle skular i Hordaland er i direkte konkurranse med dei offentlege vidaregåande skulane i fylket. Raudt ynskjer eit profittfritt skuleverk, og ser særst alvorleg på at desse skulane utnyttar og undergrev offentlege tilskot og offentlege tilbod.

I Hordaland fylkesting den 5.mars vart fylkesordføraren utfordra av Raudt til å svare på korleis ho ville fylgje opp denne alvorlege saka. Fylkesordføraren svara at ho ville be fylkesrådmannen å fremme ei sak til handsaming i fylkestinget i juni, der desse spørsmåla vert drøfta.

Partiet Raudt må diverre konstatere at verken administrasjonen eller den politiske leiinga i Hordaland fylkeskommune har fremma ei slik sak til fylkestinget i juni, uvisst av kva grunn. Difor finn vi det naudsynt å ta saka opp på nytt, med ytterlegare spørsmål.

I eit brev frå Utdanningsdirektoratet den 13.mai i år blir det reist eit krav til Bergen Private Gymnas om tilbakebetaling på over 11 mill. med frist 14.juni. Samstundes har Metis Akademiet fått eit krav på 2, 1 mill.

På denne bakgrunn vil eg stille fylkesordføraren følgjande spørsmål:

1. Kor mange elevar går i skuleåret 2018/2019 ved private kommersielle skular i Hordaland, korleis har dette utvikla seg sidan skuleåret 2015/2016 og kva er prognosane for neste skuleår?
2. Kva vil fylkesordføraren gjere andsynes Utdanningsdirektoratet og Kunnskapssdepartementet dersom kravet til Bergen Private Gymnas ikkje blir innfridd innan fristen 14.juni? Vil fylkesordføraren i so fall stø eit

krav frå Raudt om at Utdanningsdirektoraret trekk attende godkjenning, slik friskulelova §7-2a gir heimel for?

3. Korleis har Hordaland fylkeskommune sine styrerepresentantar ved Bergen Private Gymnas og Metis Akademiet medverka til å få avdekka og rydda opp i desse høgst kritikkverdige tilhøva når det gjeld forvaltning av skatstilskot og skulepengar?
4. Vil fylkesordføraren, som og er fylkesordførarkandidat i nye Vestland fylke, engasjere seg aktivt for å få avvikla private kommersielle vidaregåande skular i Hordaland, og i tilfelle svaret er ja: på kva måte?

Terje Kollbotn (gruppeleiar for Raudt i Hordaland fylkesting)